

## **Notat frå Noregs Mållag: Innspel til valprogram**

Noregs Mållag organiserer over 15.000 medlemmer i 190 lokallag og arbeider for nynorsk på alle samfunnsområde. I tillegg er vi opptekne av vilkåra for dialektane, dei samiske språka og andre nasjonale minoritetsspråk og språk- og kultur mangfaldet i stort.

Noregs Mållag ynskjer å kome med innspel som kan brukast til program til kommune- og fylkestingsvalet. Det viktigaste arbeidet for nynorsken blir gjort lokalt, og difor vil vi at partia forpliktar seg gjennom valprogrammet til å fylgje opp dette. Vi oppmodar òg alle om å skrive heile eller delar av programmet på nynorsk.

Frå januar 2022 fekk Noreg ei ny språkløve. I føremålsparagrafen står det at offentlege organ: «har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.» Kommune- og fylkestingsvalet i 2023 blir det første etter språkløva vart sett i kraft. Difor er det no tid for å utvide nynorskpolitikken i partia.

Det bur nynorskbrukarar i heile Noreg. Ingenting står i vegen for at bokmålskommunar gjer vedtak og tiltak som følgjer opp språkløva og fremjar nynorsk.

Dette er nokre lokalpolitiske punkt som kan styrkje språkpolitikken:

### **- Lovlege læremiddel**

Opplæringslova slår fast at læremiddel skal kome på nynorsk og bokmål til same tid og pris, og det er kommunane som står med ansvaret for at læremidla som er i bruk, følgjer lova. Læremiddel som berre kjem på bokmål, er like ulovlege i bokmåls- som i nynorsk-klasserom. Kommunen som skuleeigar bør ta ansvaret og sikre elevane sine lovlege læremiddel.

### **- Språk i barnehagen**

Barnehagen kan spele ei viktig rolle i å gjere ungane kjent og trygg i si eiga dialekt. Barnehagebarn skal møte dialekt gjennom språkstimulering, opplesing, litteratur, leik, rim, regler og song. Barn har gode språkkøyre og kan ha mykje glede og nytte av at dei tilsette også les nynorske barnebøker høgt for dei. Når barnehagane i kommunen skal lage ny rammeplan, er det viktig å skriftfeste at barnehagane har eit språkkopdrag.

### **- Nynorskbad for elevane**

Barn og unge badar i bokmål døgnet rundt. For å skape ei god sidemålsopplæring er det difor naudsynt med ei mengde tiltak for å skape eit nynorskbad for unge. Det kan ein blant anna gjere gjennom å kjøpe inn nynorskbøker til skulebiblioteka, at skular tingar classesett av Norsk barneblad og Framtida Junior og bruker tilbod frå Den kulturelle skulesekken på nynorsk. Biblioteket i kommunen kan også spele ei rolle gjennom at ein set forventingar til at dei gjer den gode nynorske barne- og ungdomslitteraturen synleg og lett tilgjengeleg.

For meir informasjon, eller spørsmål:

Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag

e-post: [peder.hauge@nm.no](mailto:peder.hauge@nm.no) telefon: 95 12 26 89

Frida Pernille Mikkelsen, politisk rådgjevar i Noregs Mållag

e-post: [frida.mikkelsen@nm.no](mailto:frida.mikkelsen@nm.no) telefon: 48 24 87 47